



## MØTEPROTOKOLL

<b>Utval:</b>	Maritim og teknisk komite
<b>Stad:</b>	Herøy Rådhus, Formannskapssalen
<b>Dato:</b>	21.05.2013
<b>Tid:</b>	15:00 – 17:40

---

### Medlemmer som møtte:

Idar Tarberg	Leder	H
Kirsti Hammerø	Medlem	H
Helene Remøy	Medlem	H
Kjetil Kvalsvik	Medlem	FRP
John Nerem	Medlem	KRF
Runar Stave	Nestleder	AP

---

### Forfall:

Gry Olaug Dimmen	MEDL	FOLK/SP
------------------	------	---------

---

### Varamedlemmer som møtte:

Åse Alnes Kvalsvik	Gry Olaug Dimmen	KRF
--------------------	------------------	-----

---

### Andre:

Sekretær Hilde B. Skinnes

Leiar for utv.avd. Jarl Martin Møller

Leiar for anlegg og driftsavd. Jon Rune Våge

Ap, Runar Stave fekk permisjon kl. 17.00 og gjekk frå møte før handsamin gav MTK-sak 45/13.

Møtet starta med ei orientering frå Roger Kvalsund v/Runde Miljøseier om resipientundersøking som er utført i samband med revidering av avlaupsplan og orientering om taretråling.

Tilstades var 6 faste og 1 vara, fulltalig.

Til å skrive under møteboka saman med leiaren vart desse valde:

Kirsti Hammerø og Kjetil Kvalsvik

Utv.leiar Jarl Martin Møller orienterte om føresegnar for naust og sjøbud til kommuneplanen sin arealdel.

Kirsti Hammerø

Idar Tarberg

Kjetil Kvalsvik

---

underskrifter

## SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 45/13	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 46/13	Protokoll frå førre møte.
PS 47/13	Delegasjonssaker
PS 48/13	Referatsaker
PS 49/13	Asfaltering av grusveggar 2013 - prioritering.
PS 50/13	Gnr 60 Bnr 22 Dispensasjon frå plankrav i kommuneplan. Klage på vedtak i MTK-sak 8/13.
PS 51/13	Knut Greger Remøy 12/231 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på skjerming/vern av naust/båtstø mot storbåre.
PS 52/13	Oddbjørg og Inge Tråseth 16/6 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på restaurering av slipp/båtstø og bygging av naust.

### Delegasjonssaker frå avdelingane

DS 88/13	Herøy Kommune - 38/141 - Parkeringsplass
DS 89/13	Malin Baade og Thore Kopperstad - 4/324 - Einebustad
DS 90/13	Gnr 45 bnr 42 - Deling av grunneigedom
DS 91/13	Gnr 4 Bnr 102 - Frådeling av tilleggsareal til gnr 4 bnr 186.
DS 92/13	Gnr 34 Bnr 5 - Frådeling av promenade og offentlege areal
DS 93/13	Jan Sverre Håkonsholm - 18/8 - tilbygg veranda
DS 94/13	Gnr 20 Bnr 7 - Frådeling av tilleggsareal til gnr 20 bnr 83.
DS 95/13	Ørsta Byggservice as - 37/12 - Tomannsbustad m frittliggande garasje (Hus 3)
DS 96/13	Leinebjørn AS V/Kurt Leine - 25/3 og 25 - Mudring
DS 97/13	Gnr 3 Bnr 4 og Bnr 11 - Frådeling av eigedom

## **Referatsaker**

- RS 6/13           Reguleringsplan Indre Leine bustadfelt -  
melding om vedtak
- RS 7/13           Reguleringsplan Nærøykrysset FV 18 -  
melding om vedtak
- RS 8/13           Signert protokoll frå årsmøte i IUA  
Sunnmøre 22.03.2013
- RS 9/13           Reguleringsendring for Vågsholmen -  
Offentleg ettersyn

## **PS 45/13 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

### **Møtebehandling:**

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

## **PS 46/13 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.**

### **Møtebehandling:**

Protokollen frå førre møte låg føre.

## **PS 47/13 DELEGASJONSSAKER**

### **Møtebehandling:**

Delegasjonssaker frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

## **PS 48/13 REFERATSAKER**

### **Møtebehandling:**

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

## **PS 49/13 ASFALTERING AV GRUSVEGAR 2013 - PRIORITERING.**

### **Møtebehandling:**

Leiar for anlegg og driftsavd. Jon Rune Våge orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Maritim og teknisk komite - 21.05.2013**

1. MTK godkjenner oppsett liste «Asfaltering av grusvegar 2013. Prioritering av strekningar»
2. MTK vedtek at løyvinga på kr 1.000.000,- til asfaltering av grusvegar i 2013 vert nytta slik det framgår av denne lista så langt som midlane rekker.

**PS 50/13 GNR 60 BNR 22 DISPENSASJON FRÅ PLANKRAV I KOMMUNEPLAN.  
KLAGE PÅ VEDTAK I MTK-SAK 8/13.**

**Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Maritim og teknisk komite - 21.05.2013**

Med basis i nye saksopplysningar og nye vurderingar vedtek *Maritim og teknisk komite* å i møtekomme klagen frå Reidun Nerlid på vedtak i MTK-sak 8/13 og gir med dette dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen , jfr. PBL§19-2, med sikte på frådeling av bustadtomt frå gnr 60 bnr 106 på vilkår:

- Grensa mot sør vert justert i tråd med kartvedlegg datert 22/3-13
- Restarealet på Gnr 60 bnr 106 etter frådeling skal sammenføyast med gnr 60 bnr 22.

*Dispensasjonen vert grunngjeven med at frådeling av omsøkt areal ikkje tilsidesetter dei formåla plankravet er meint å ivareta og at eigedomen kan innpassast i ei framtidig regulering. Ein vurderer det til at tiltaket har ei overvekt av positive element ved seg.*

**PS 51/13 KNUT GREGER REMØY 12/231 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ  
KOMMUNEPLANEN MED SIKTE PÅ SKJERMING/VERN AV NAUST/BÅTSTØ MOT  
STORBÅRE.**

**Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Maritim og teknisk komite - 21.05.2013**

Maritim og teknisk komite vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen og frå byggeforbodet i 100-metersbeltet i strandsona, jfr. PBL §§ 19-2 og 1-8, med sikte på skjerming/vern av naust/båtstø på gnr. 12 bnr. 231 på Remøya i Herøy.

Grunngjevinga for dispensasjonen er at tiltaket gjeld reparasjon og forsterking av eit alt etablert tiltak og at det såleis ikkje vil føre til noko endring av arealbruken i området.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om*

*vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

**PS 52/13 ODDBJØRG OG INGE TRÅSETH 16/6 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN MED SIKTE PÅ RESTAURERING AV SLIPP/BÅTSTØ OG BYGGING AV NAUST.**

**Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Maritim og teknisk komite - 21.05.2013**

Maritim og teknisk komite vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen og frå byggeforbodet i 100-metersbeltet i strandsona, jfr. PBL §§ 19-2 og 1-8, med sikte på restaurering av slipp/båtstø og bygging av naust på gnr. 16 bnr. 6 på Bølandet i Herøy.

Det er eit vilkår for dispensasjonen at oppskoten masse som følgje av utbetring av båtstø og som ikkje vert nytta til evt. utbetring av veg eller som fundament til naust, må fraktast bort frå området.

Grunngjevinga for dispensasjonen er at tiltaket skjer i eit område som alt i dag er delvis etablert som naustområde og at den politisk/administrative arbeidsgruppa som vurderar innspel til kommuneplanen, har gjeve signal som tilseier ei vidare utviklinga av området til det aktuelle formålet.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

**MØTET SLUTT!**